



Arkivnr: 2014/16667-3
Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		11.06.2014
Fylkestinget		11.06.2014

Konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda - val til referansegruppe

Samandrag

Statens vegvesen har fått i oppdrag frå Samferdselsdepartementet å utarbeida konseptvalutgreiing for riksveg 7 over Hardangervidda. Arbeidet startar opp no og er forventa ferdig før sommaren 2015. Arbeidet vert drive av ei prosjektgruppe frå Statens vegvesen og Jernbaneverket.

Som del av forankringa av KVVU-prosessen skal det etablerast ei referansegruppe med deltakarar frå ulike interessar i området. Det er forventa 4-5 møte i referansegruppa i løpet av prosessen. I brevet frå Statens vegvesen er det uttrykt ønskje om at kommunar og fylkeskommunar vert representert med ordførar/fylkesordførar samt opposisjonsleiar og ein frå administrasjonen. Første møte i referansegruppa er 5. juni 2014.

Fylkestinget vert oppmoda om å nemna opp medlemmer i referansegruppa.

Forslag til innstilling

1. Som medlemmer i referansegruppe for konseptvalutgreiing for Rv7 Hardangervidda oppnemner Hordaland fylkeskommunane følgjande:
.....
.....
2. Fylkesrådmannen peikar ut eit medlem frå administrasjonen til referansegruppa.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.